

## Vedlegg til Intensjonsavtale «Storfjord kommune» signert 17.03.16

*Utkast til dokumentet er eit resultat etter forhandlingar mellom kommunane Skodje, Ørskog og Stordal, per 20. juni 2016. Avtalen er ikkje omforeint, og gjeld som vedlegg til møtereferat. Punkt som ikkje er omforeint er markert med raud tekst.*

Dette dokumentet er utarbeidd gjennom forhandlingar mellom Ørskog, Skodje og Stordal. Vedlegget skal gjelde i tillegg til hovuddokumentet av 17.03.16. I fall det skulle vere enkeltpunkt der ein er tvil om kva formuleringar som skal gjelde, skal teksten i dette vedlegget leggest til grunn. Ein ønskjer ikkje å avskjere andre kommunar frå eventuelt å slutte seg til samarbeidet. Desse må i så fall halde seg til det som her er avtalt.

### **Samfunnsutvikling:**

Den nye kommunen skal ha ei tydeleg satsing på innovasjon og utvikling, samt ein tydeleg næringspolitikk. Kommunen skal arbeide med å etablere ein kultur for samhandling mellom tenesteområde, politikk og administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarane.

Tettstadane Skodje, Stordal og Sjøholt skal utviklast som attraktiv møteplass for handel, kultur og service. Dei andre grendene i kommunen må ha høve til både fortetting og tilgong på større tomter for bustadar.

Næringsområdet på Digerneset skal ha ei særleg prioritering ved framtidig utbygging. Det skal leggest til rette for utvikling av andre etablerte næringsområde i kommunen.

Digerneset skal prioriterast som knutepunkt for plasskrevjande handel, logistikk og kommunikasjon. Ein ser det og som eit naturleg punkt for offentlege arbeidsplassar av regional og nasjonal karakter.

Sjøholt skal oppretthaldast som knutepunkt for offentlig kommunikasjon.

Kommunen skal ha ein næringspolitikk som også legg til rette for eit aktivt landbruk. Det betyr at kommune skal vere restriktiv til omdisponering av matjord. Kommunen skal aktivt nytte kommunal planlegging for å tilrettelegge og kompensere for nødvendig driftsgrunnlag for landbruket.

Målsetjinga må vere auka sjølvforsyning av matproduksjon. I tillegg ønskjer kommunane (i samarbeid med ma landbruket) å stimulere til utvikling av besøkgardar som kan nyttast i samspel med tenester td innan oppvekst, omsorg og turisme.

Kommunen skal leggje til rette for eit breitt spekter av turismeverksemd, konseptet agroturisme skal ein tilrettelegge for i samspel med anna reiseliv. Det skal leggest til rette for

berekraftig utvikling av sommar og vinteraktivitet på i områda Svartløken, Ørskogfjellet, Vaksvikfjellet og i Øvre Stordal, td med tanke på gjennomgåande løypenett. Områda skal vidareutviklast som eit regionalt fritids-, reiselivs- og rekreasjonsområde. Det skal leggest vekt på at områda vert utvikla slik at ein også tek i vare behovet for urørt natur.

Den nye kommunes satsing på friluftsliv legg føringar for at -Møreaksen IKKJE skal gå gjennom Fylling og Svartløk-området. Då dette området delvis er verna våtmarksområde og skal avsettast til friluftsliv og rekreasjon for heile regionen.

Den nye kommunen støtter trasevalget K2 som per juni 2016 er planlagt ~~gå~~ gjennom Solnørdalen og kjem ut i Landedalen.

Den nye kommunen arbeider for realisering av ny Fv 650 Børdalslinja.

Den nye kommunen arbeider for realisering av Storfjordsambandet. På nordsida av Storfjorden inneber det ny trasè frå Digerneset mot Magerholm.

Den nye kommunen legg press på Fylkeskommunen til å opprette kollektivtilbud til flyplassen fra Sjøholt og Digernes, via Ellingsøy.

Den nye kommunen arbeider for trafikksikring i Sjøholt sentrum, i samsvar med utarbeidd plan.

#### *Klima, Miljø- og berekraft.*

Miljø- og berekraftperspektivet må vere førande for alle store tiltak i den nye kommunen. Særskilt vil ein peike på arbeidet med utvikling av kollektivtilbod, gang og sykkelveggar som knyter heile kommunen saman. Den nye kommunen vil stå samla om å påvirke regionale og sentrale myndigheiter for å prioritere gang- og sykkelveggar langs fylkesveggar og riksveggar gjennom den nye kommunen. Vidare vil ein arbeide for betre utbygging av ladestasjonar for el-bil og etablering av hydrogenstasjonar i den nye kommunen. Kommunen må sørge for å gjere det enklare for næringsliv, offentleg verksemd og innbyggjarane å ta omsyn til natur og miljø, kvar einaste dag.

#### **Tenestene:**

Kommunen skal ha ein ny, effektiv, resultatorientert og innovativ organisasjon. Dette skal styrke samhandling på tvers, samtidig som ein tek i vare god forvaltningsskikk. For å lukkast med dette må vi ha eit godt og tillitsbasert samspel med innbyggjarar og frivillige, næringsliv, administrasjon og politikk. Utgreiing av modell som tek i vare dette skal starte så snart

vedtak om samanslåing er fatta.

Fellesnemnda skal vere styringsgruppe for dette utviklingsprosjektet.

### **Demokrati:**

Satsing: Revitalisere demokratiet gjennom nye medverknadsmodellar. Den nye kommunen skal ha ein aktiv medverknadspolitikk for å kompensere for større avstand mellom innbyggjarar og politikarar/administrasjon, ei stilling som demokratikoordinator skal vurderast i denne samanheng.

Utviklingsprosjekt knytt til revitalisering av lokaldemokratiet må starte så snart som råd og seinast i 2017.

Fellesnemnda skal vere styringsgruppe for dette utviklingsprosjektet.

Det skal skapast gode arbeidsvilkår for politikarar – blant anna gjennom betre frikjøpsordningar for fleire. Det skal satsast på god politikaropplæring.

Kommunestyret skal ha inntil 27 medlemmar.

### **Økonomi:**

Målsetjing/ satsing mot 2024: Den nye kommunen skal ha ein robust og berekraftig økonomi

Fellesnemnda skal umiddelbart etter etablering ha framlagt forpliktande plan frå kvar kommune om korleis kvar enkelt kan bidra mot følgjande målsetjing:

- Netto driftsresultat: 3 %
- Lånegjeld: 75 % av brutto driftsinntekt
- Disposisjonsfond: 6 % av brutto driftsinntekt
- Investeringsfinansiering: 10 %

Arbeidet med å oppnå måla skal ha høg prioritet.

Den samla økonomien i den nye kommunen må vere styrande for samla avgiftsnivå.

Utarbeide felles investeringsplan med gjensidig forståing mellom kommunane.

Gjeldande økonomiplanar er førande fram mot samanslåing.

### **Økonomisk stønad til reformprosjektet**

Reformstøtte utgjer 5 mill NOK (knytt til innbyggjartal opptil 14 999), eingongsstøtte 20 mill NOK , med tillegg av 10 mill for kvar kommune utover to- max 50 mill. I tillegg kjem midlar til ei prosjektstilling.

Fellesnemnda skal ha mandat til å disponere reformstøtta og eingongsstøtta på ein måte som understøtter målsetjingane i intensjonsavtalen.

#### **Innspeil til fellesnemnda sitt mandat:**

- **Fellesnemnda skal samansettast ved 50% representantar frå kommunestyret i Skodje kommune, og 25% i kvar dei to øvrige deltakarkommunane.**
  - **Forslagsstiller: Skodje kommune**
  - **Forslaget vart ikkje omforeint mellom partane.**
- Så snart vedtaka er gjort i kommunane skal ei fellesnemnd arbeide med å innarbeide dei kommunale planverka, i tillegg til punkta i intensjonsavtalen, i eit felles planverk.
- Fellesnemnda skal vere styringsgruppe for utviklingsprosjekt som vert sett i verk som ein del av samanslåingsprosessen, t.d. demokrati, innovasjon, digitaliseringsprosjekt, generell organisasjonsutvikling osv.
- Utarbeide handlingsreglar for økonomistyring, samt uttale seg om investeringar, bruk av fond og låneopptak i kommunane.
- Fellesnemnda må ha mandat til å styre investeringar mot felles mål og bidra til felles økonomiske mål og samkøyre planprosessar. Kommentar: Dette må skje i overgangsfasen: 2016-2020